

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Veøy

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Eiliv Sandnes

Gard: Skulehagen

(adresse): Rødven

G.nr. 58 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Juletreet er no vanleg i bygda.
2. Når det først gong var brukt kan ein vel ikkje seie.
3. Første juletreffesta her var på skulehuset i Rødven
4. januar 1874. Det var då læraren i bygda som sto for dette. Den førge skulelæraren, som slutta skulen i 1872, hadde brukt det i sin heim. Det var vel truleg av det første som var brukt her. Ein kan vel seia at det først var i 1860-åra dei tok til med juletre her. Men heilt *vanleg* vart det ikkje før langt seinare
4. Om det var brukt å pynte ut stova med grøe kvistar o.l. før ein fekk juletre, kjenner ein no ikkje til.
5. ---
6. Storleiken på juletreet kan vera so ymse - mest vanleg mellom 1 og 2 meter.
7. Det er vanleg at det er lys på treet.
8. Kven som pyntar det er det ikkje nokon regel for. Det kan vel vere både vaksne og born.
9. Er treet stort står det fritt på golvet; er det berre lite set ein det gjerne på eit bord.
10. Lysa vert tent julekvelden, men og seinare i jula, om ikkje før so då Nyårskvelden.
11. Der det er barn serleg går dei no rundt treet og syng salmar og songar.

12. Kor lenge treet vert ståande kan vere so ymse. Somme kastar ut treet so snart jula er over, andre kan ha det langt utover vinteren.
13. Borna får lov å hauste juletreet. Ein seier vel her helst å "plukke tå treet". Det er ingen viss dag ein tek av treet.
14. Som juletre nyttar ein furu, gran eller eine.
15. Noko slags "erstatning" for juletre har ikkje vore brukt her.
16. Ikkje kjendt.

-----

1. Heimelsmannen sin bestefar ( Knut Ingebrigtson Dalset f. 1799) gjorde dette , seier tradisjonen. Det var no so seint som først i 1860-åra.
2. Dei bar berre inn eit fanga med ~~høy~~ halm og strødde utover golvet.
3. Sjå sp. 2.
4. At dei skulde sova i halmen julenatta eller fleire ~~netter~~ netter, veit ein ikkje av her.

Heimelsmann: Ingebrigt Dalset, f. 1872, bonde og bygningsmann.

Delvis etter eiga røynsle.

4286

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING